



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

## Miljøvernavingdelinga

Sakshandsamar:

## Inspeksjonsrapport

Saksnummer: 08/447

### Informasjon om verksemda

Namn: Hesjedalen avfallsplass	Dato for inspeksjonen: 21.11.08
Adresse: P.b. 349, 6802 Førde	Telefon:
Besøksadresse: Einestølen	Organisasjonsnr.: 970 921 915
Kommune: Førde	Bransjenr. (NACE-kode): 90.000 Kloakk- og renovasjonsvirksomhet

### Tilstades under kontrollen

Frå verksemda: Håkon Grepstad, Kjell Bu, Bodil Øvretveit	Frå Fylkesmannen: Gøsta Hagenlund
---	--------------------------------------

### Hovudtema for kontrollen:

Gjennomgang av hovudkrav i nytt utsleppsløyve for avfallsplassen

### Resultat frå kontrollen:

Rapporten omtalar eventuelle avvik som vart konstatert, og merknader som vart gjevne under kontrollen. Definisjon av avvik og merknader er gjevne på side 2.

Fylkesmannen avdekkar 3 merknadar under kontrollen.

### Oppfølging etter kontrollen:

Fylkesmannen ber verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding som gjer greie for tiltaka som vert gjennomført etter vurdering av våre merknadar.

Nærare omtale av oppfølginga og vedtak om gebyr føl av oversendingsbrevet til denne kontrollrapporten.

---

Stad: Leikanger

Dato:  
25.11.2008

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

**Omfang av kontrollen**

Kontrollen var førehandsvarsla som lekk i oppfølging av nytt utsleppsløyve. Kontrollen omfatta berre viktige krav i vilkåra som har mykje å seie for miljøet, som er nytt i høve til tidlegare eller der vilkåra set fristar for tiltak o.l. som er nær i tid. Kontrollen omfatta ikkje verifikasjon på plassen, eller gransking av andre dokument som må utarbeidast som følgje av løyvet eller nyare krav i miljøvernlovverket. M.a. var endring av internkontrolldokument eller nye rutinar/prosedyrar ikkje del av kontrollen denne gongen.

**Definisjon på avvik og merknader**

**Avvik:** Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga, t.d. brot på krav i ureiningslova, produktkontrollova, forskrifter med heimel i desse to lovene, eller krav og vilkår fastsett i utsleppsløyve eller dispensasjonar.

**Merknader:** eit tilhøve som tilsynsetatane finn naudsynt å påpeike på for å ivareta helse, miljø og sikkerheit og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Informasjon om vedtak om tvangsmulkt**

Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke den skriftlege tilbakemeldinga innan fristen, kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt blir gjeve med heimel i forureiningslova § 73 og/eller produktkontrollova § 13. Ei eventuell tvangsmulkt kan fastsetjast som eit eingongsgebyr eller eit løpande dagsgebyr som gjeld så lenge tilbakemeldinga ikkje er motteke.

## Resultat av kontrollen:

### **Merknad 1. Gips vert deponert saman med nedbrytbart avfall**

---

**Kommentar.** Fråsortering og separat handsaming av gips er generelt kome høvesvis kort i fylket. Deponia har likevel hatt krav på seg nokre månadar å berre kunne deponere fråsortert gips i celler som ikkje tek imot biologisk nedbrytbart avfall, jf. vilkår 3.3. SUM har framleis ei utfordring å hindre deponering av mindre mengder gips som vert levert saman med anna avfall. SUM må ha særskild fokus på leveransar som kan innehalde avfall som må deponerast særskild. Om nødvendig må fleire leveransar sorterast på staden eller sendast til annan godkjent gjenvinningsverksemd.

### **Merknad 2. Sigevassprøver vert berre teke som stikkprøvar**

---

**Kommentar.** Sigevassprøver vert teke i samsvar med krav om minimum parameterutval i vedlegg 2 til utsleppsløyvet. Prøvene vert likevel berre teke ut som stikkprøvar, og verksemda har ikkje vurdert korleis prøvetakinga kan vere mest mogeleg representativ i høve til førre prøve, jf. vilkår 4.2.

Verksemda må også utarbeide eit program for overvakinga i samsvar med utsleppsløyvet.

### **Merknad 3. framlegg til ordning med finansiell garanti kan ikkje godkjennast**

---

**Kommentar.** Verksemda har starta med rekneskapsmessig avsetjing for å stette krav om finansiell garanti. Ordninga skal godkjennast av Fylkesmannen innan april 2009. Fylkesmannen vil kunne godkjenne fleire opplegg for finansiell garanti, men rekneskapsmessig avsetjing er ikkje rekna å vere tilstrekkeleg sikra midlar.

### **Andre forhold.**

---

**Lågt fokus på materialgjenvinning.** SUM IKS gir inntrykk å ha høvesvis lågt fokus på materialgjenvinning. Verksemda har saman med eigarkommunane ei utfordring å få til betre ordningar. Eigarkommunane synest å ha ei utfordring nokre stader med å tilfredsstille kravet i kap. 11 i avfallsforskrifta om tilstrekkeleg tilbod, og Fylkesmannen vil vurdere å auke kontrollomfanget.

**Sigevasshandtering.** Plan for sigevasshandtering er laga, og tiltaka er finansiert i budsjettframlegg. Fylkesmannen ser at planlagt tiltak kan gjennomførast før fristen i vilkår 3.6, og har ingen merknadar til val av tiltak. Vi legg stor vekt på at planlagte tiltak kan utbyggast seinare som følge av nye krav, eller som følge av eigen vurdering i samsvar med BAT-prinsippet.

**Gassproduksjon.** Gassproduksjonen vart omtalt å framleis vere låg. Vidare kontroll av vilkåra for drift og overvaking av gassproduksjonen vart ikkje gjennomført no. Av viktige omsyn kan nemnast å ha oversikt over og sikre optimalt vassinnhald i nedbrytbart avfall og å ha regelbunden kontroll med gasslekkasjar og gjennomføre tiltak.

---